

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

	Gjeldande forskrift	Utkast til forskrift m/endringar	Kommentarar/forslag til endringar i forhold til gjeldande forskrift
Heimel	Uhl. §3-2, §3-3, §3-5, §3-6, §3-7, §3-8, §3-9, §3-10, §3-11, §4-2, §4-3, §4-4, §4-5, §4-6, §4-7, §4-8, §4-9, §4-10, §4-13, §5-1, §5-2, §5-3, §7-1		
Kapittel 1. Allmenne reglar			
§ 1-1	<p>Verkeområde</p> <p>(1) Forskrifta gjeld for personar som</p> <ul style="list-style-type: none"> - søker om opptak til studieprogram ved Høgskulen i Volda - har studierett og status som student ved Høgskulen i Volda - vil ta eksamen etter lov 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler § 3-10, utan å vere oppteken som student og har status som privatist ved Høgskulen i Volda. <p>(2) For fellesgradar som vert tilbodne i samarbeid med andre institusjonar, kan det gjelde andre reglar.</p>	<p>§ 1-1 Verkeområde</p> <p>(1) Forskrifta gjeld for studentar som søker opptak til høgare utdanning, og for studentar som deltek i utdanningsprogram som er akkreditert etter av lov om universiteter og høyskoler av 1. april 2015 nr. 15 (uhl.)</p> <p>(2) For fellesgradar i samarbeid med andre institusjonar, kan det gjelde andre reglar.</p>	Forskrifta gjeld for utdanningane ved HVO og for HVO sine studentar.
§ 1-2	<p>Vedtaksmynde</p> <p>(1) Høgskuledirektøren, eller den han gjev fullmakt, har vedtaksmynde etter denne forskrifta om ikkje anna følgjer.</p> <p>(2) Høgskuledirektøren godkjenner alle retningslinjer med heimel i denne forskrifta.</p> <p>(3) Strategisk studienemnd gjev tilråding til vedtak om godkjenning av retningslinjer med heimel i denne forskrifta.</p>		Dagens § 1-2 slettast – høyrer heime i delegeringsreglementet. Dagens § 1-3 flyttast fram, og blir ny § 1-2.

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

<p>§ 1-3</p>	<p>Definisjonar</p> <p>(1) UH-lova: Lov 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høyskoler.</p> <p>(2) Opptak: Opptak vil seie at ein person har søkt, fått vurdert sin kompetanse og fått tilbod om studieplass ved eit studieprogram eller eit emne. Opptak til bachelorgradar, yrkesutdanningar og årsstudium skjer gjennom Samordna opptak, og opptak til doktorgrad (fellesgrad med Høgskolen i Molde), mastergradar, vidareutdanningar, nettstudium og emne går til høgskulen som lokalt opptak.</p> <p>(3) Studierett: Når ein person aksepterer tilbod om studieplass innan svarfristen, får vedkomande status som student og vert tildelt studierett. Studieretten gjev mellom anna rett til undervisning, rettleiing og vurdering ved det aktuelle studieprogrammet, og gjeld i perioden for normert gjennomføringstid.</p> <p>(4) Studieprogram: Studieprogram er eit definert utdanningsløp med fagleg innhald som er skildra i ein studieplan. Omfanget av eit studieprogram er målt i studiepoeng, og fulltids arbeidsinnsats i eit studieår er 60 studiepoeng.</p> <p>(5) Utdanningsplan: Utdanningsplan er ein gjensidig forpliktande avtale som vert utarbeidd mellom ein student og Høgskulen i Volda. Den inneheld ein allmenn del om rettar og plikter, og ein individuell del om korleis studenten skal</p>	<p>§ 1-2 Definisjonar</p> <p>(1) <i>Rammeplan</i> er ein plan som fastsett nasjonale rammer for eit studieprogram.</p> <p>(2) <i>Studieprogram</i> er ei samling emne på 30 studiepoeng eller meir med eit samla læringsutbytte som er fastsett i studieplan, som søkjarar kan få opptak og studierett til, og som fører fram til ei fullført utdanning, grad eller yrkesutdanning.</p> <p>(3) <i>Emne</i> er den minste eininga med vurdering som gir utteljing i form av studiepoeng, og som kan gå inn i eit studieprogram eller tilbydast med eige opptak. Eit emne har eit læringsutbytte som er fastsett i ein emneplan.</p> <p>(4) <i>Studieplan</i> er omtale av studieprogram med tilhøyrande emneplanar, og beskriv mellom anna opptakskrav, innhald, emne og læringsutbytte i eit studieprogram.</p> <p>(5) <i>Studiepoeng</i> er mål på omfang og arbeidsmengde for eit studieprogram eller emne. Eitt års studium på heiltid er normert til 60 studiepoeng med arbeidsbelastning.</p> <p>(6) <i>Utdanningsplan</i> er ein gjensidig forpliktande avtale mellom institusjonen og studenten. Utdanningsplanen synleggjer den planlagde faglege progresjonen og gjennomføring av studiet for den enkelte student, og baserer seg på studieplanen.</p> <p>(7) <i>Studierett</i> blir gir ein person som aksepterer tilbod om studieplass innan svarfristen, og får status som student. Studieretten gir mellom anna rett til undervisning, rettleiing</p>	<p>Dagens (1) er overflødig</p>
--------------	---	---	---------------------------------

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

	<p>gjennomføre studiet. Den individuelle delen er basert på studieplanen for studieprogrammet ein har studierett ved.</p> <p>(6) Studieplan: Ein studieplan konkretiserer opptakskrav, fagleg innhald, læringsutbytte, oppbygging og krav til gjennomføring av eit studium. Ein studieplan er sett saman av eitt eller fleire emne med tilhøyrande emneplanar, og til saman dannar dette grunnlag for studenten sin utdanningsplan, jf. UH-lova § 4-2. Ein studieplan kan vere regulert av felles nasjonale krav.</p> <p>(7) Emne: Eit emne er den minste eininga med vurdering innanfor eit studieprogram. Innhald i emnet er skildra i ein emneplan.</p> <p>(8) Emneplan: Emneplanen gjev mellom anna informasjon om læringsutbytte, undervisnings- og arbeidsform, pensum, vurderings- og eksamensordning. Emneplanen viser også kva nivå emnet er på, til dømes om det er eit grunnemne utan forkrav eller fordjupingsemne som byggjer på kunnskapar ein får i andre emne.</p> <p>(9) Obligatorisk krav: Obligatorisk krav vil seie eit påbode/ikkje valfritt vilkår som må stettast for å få godkjent gjennomføringa av eit emne eller studieprogram. Obligatoriske krav kan t.d. vere krav om frammøte/deltaking i undervisninga, eller vere knytt til særskilde aktivitetar i utdanninga. Obligatoriske krav skal gå fram av studie- og/eller emneplanen for studieprogrammet.</p>	<p>og vurdering ved det aktuelle studieprogrammet, og gjeld i perioden for normert gjennomføringstid.</p>	
--	---	---	--

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

	<p>(10) Vurdering: Vurdering omfattar all formell prøving, det vil seie både vurdering undervegs, til dømes gjennom arbeidskrav og praksis, og sluttvurdering, til dømes skriftleg og munnleg eksamen. Vurderingsordninga går fram av emneplanen.</p> <p>(11) Arbeidskrav: Arbeidskrav er all form for prøving som er sett som vilkår for å ha rett til å framstille seg til eksamen. Arbeidskrav går fram av emneplanen.</p> <p>(12) Eksamen: Eksamen er prøving med påfølgjande sensur, der resultatet anten vil stå på vitnemål/karakterutskrift, eller skal reknast inn i ein samlekarakter som skal stå på vitnemål/karakterutskrift. Eksamen er individuell med mindre emneplanen seier noko anna.</p> <p>(13) Klagerett: Ein søkjar eller ein student har rett til å klage over vedtak som han/ho meiner er mangelfullt, urettferdig eller formelt feil handsama. Alle enkeltvedtak kan klagast over, jf. lov 10. februar 1967 om behandlingssåten i forvaltningssaker. UH-lova, kapittel 5, og kapittel 7 i denne forskrifta gjev nærare reglar om klagehandsaminga ved høgskulen</p>		
§ 1-4	<p>Om å gjere seg kjend med regelverk og studieinformasjon</p> <p>(1) Alle søkjarar, studentar og privatistar har plikt til å setje seg inn i gjeldande regelverk ved Høgskulen i Volda.</p>	<p>§ 1-3 Studenten si plikt til å gjere seg kjent med regelverk og informasjon som gjeld for den enkelte student</p> <p>(1) Alle søkarar, studentar og eksamenskandidatar har plikt til å gjere seg kjent med gjeldande regelverk ved Høgskulen i Volda.</p>	

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

	<p>(2) Høgskulen i Volda nyttar til dømes e-post, SøknadsWeb, StudentWeb, nettsida hivolda.no og e-læringssystem, for å formidle viktig informasjon. Søkjarar og studentar pliktar å følgje med og sjekke regelmessig om det kjem ny informasjon via dei digitale kommunikasjonsverktøya som Høgskulen i Volda nyttar.</p>	<p>(2) Høgskulen i Volda nyttar til dømes e-post, SøknadsWeb, StudentWeb, nettsida www.hivolda.no og e-læringssystem, for å formidle viktig informasjon.</p> <p>(3) Søkjarar og studentar pliktar å regelmessig følgje med om det kjem ny informasjon via dei digitale kommunikasjonsverktøya som Høgskulen i Volda nyttar.</p>	
Kapittel 2. Studieportefølje. Gradar og yrkesutdanningar			
§ 2-1	<p>Studieportefølje</p> <p>(1) Med utgangspunkt i strategiske mål, etterspurnad, fagleg og økonomisk berekraft gjer høgskulestyret kvart studieår vedtak om kva studieprogram som skal inngå i studieporteføljjen ved Høgskulen i Volda.</p> <p>(2) Høgskulestyret vedtek etablering og avvikling av studieprogram, jf. UH-lova § 3-3.</p> <p>(3) Høgskulestyret kan delegere myndet om etablering og avvikling av studieprogram til og med 30 studiepoeng til høgskuleleinga.</p>		<p>Studieportefølje er tatt ut i overskrifta.</p> <p>§ 2-1 er overflødig, og tatt ut i ny forskrift.</p>
§ 2-2	<p>Studie- og emneplanar</p> <p>(1) Det skal utarbeidast studie- og emneplanar for alle studieprogram.</p> <p>(2) Studie- og emneplanar skal vere i tråd med Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (Kvalifikasjonsrammeverket), forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høyere utdanning (studietilsynsforskriften) og</p>		<p>§ 2-2 er overflødig, og tatt ut i ny forskrift. Dette gjeld i stor grad interne reglar/krav og organisering ved institusjonen.</p>

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

	<p>retningslinjer som er fastsette av og for Høgskulen i Volda.</p> <p>(3) Nye studie- og emneplanar skal godkjennast av høgskuleleiinga etter tilråding frå dekanen ved avdelinga, som har hovudansvaret for studieprogrammet.</p> <p>(4) Årleg revisjon av eksisterande studie- og emneplanar skal godkjennast av dekanen ved avdelinga som har hovudansvaret for studieprogrammet.</p> <p>(5) Høgskulen i Volda har eigne retningslinjer for studie- og emneplanar.</p>		
§ 2-3	<p>Publisering av studieinformasjon, studie- og emneplanar</p> <p>(1) Alle godkjende studie- og emneplanar skal publiserast på nettsida hivolda.no.</p> <p>(2) Studiedirektøren er ansvarleg redaktør for all studieinformasjon.</p>		§ 2-3 er overflødig, og tatt ut i ny forskrift. Dette gjeld i stor grad interne retningslinjer/ansvarsfordeling.
§ 2-4	<p>Allment om gradstildelingar</p> <p>(2) For ny mastergrad må kravet om 60 nye studiepoeng inkludere ei ny mastergradsoppgåve, jf. forskrift om godskriving av høyere utdanning § 3.</p>	<p>§ 2-1 Gradar og yrkesutdanningar</p> <p>(1) Høgskulen i Volda tildeler følgende gradar:</p> <ol style="list-style-type: none">Bachelor, 180 studiepoeng.Master, 120 studiepoeng.Master, 300 studiepoeng.Erfaringsbasert master, 90 til 120 studiepoeng.Praktisk pedagogisk utdanning, 60 studiepoeng. <p>(2) Høgskulen i Volda kan også tilby studiar med anna omfang, mellom anna etter- og vidareutdanningar.</p>	Ad (2) Spørsmål om språkbruk – yrkesutdanning eller profesjonsutdanning – vil gå ut når GLU fases ut og erstattast av MAGLU fullt ut // tatt ut Nr (3) omfatte også GLU språkleg

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

<p>§ 2-5</p>	<p>Bachelorgrad</p> <p>(1) Høgskulen i Volda tildeler bachelorgraden på grunnlag av fullført treårig studieprogram (180 studiepoeng), som ifølgje rammeplan eller forskrift gjev bachelorgrad.</p> <p>(2) Høgskulen i Volda tildeler bachelorgraden på grunnlag av fullført treårig integrert studieprogram utan rammeplan (180 studiepoeng), som ifølgje vedtak i styret for Høgskulen i Volda gjev bachelorgrad.</p> <p>(3) Høgskulen i Volda tildeler ein fri bachelorgrad på grunnlag av tre år med studium (180 studiepoeng), som inneheld</p> <ul style="list-style-type: none"> - minst ei eining på minimum 80 studiepoeng i eit fagområde, der minimum 20 studiepoeng er på fordjupingsnivå, eller eit integrert studium på 120 studiepoeng - minst ei eining på minimum 30 studiepoeng i eit anna fagområde - og eit sjølvstendig arbeid knytt til fordjupingsnivået på minimum 15 studiepoeng, til dømes ei bacheloroppgåve. 	<p>§ 2-2 Bachelorgrad</p> <p>(1) Graden bachelor blir tildelt på grunnlag av eksamen i studieprogram, fag og emne med eit samla omfang på 180 studiepoeng.</p> <p>(2) Grunnlaget for graden skal omfatte eitt av følgjande:</p> <ol style="list-style-type: none"> a. fullført treårig studieprogram som ifølgje nasjonal rammeplan gir bachelorgrad. b. fullført treårig studieprogram som ifølgje vedtak i styret for Høgskulen i Volda gir bachelorgrad. c. sjølvvald/fri bachelorgrad. <p>(4) Tildeling av sjølvvald/fri bachelorgrad krev følgjande samansetjing:</p> <ol style="list-style-type: none"> a. minst ei eining på minimum 80 studiepoeng i eit fagområde, der minimum 20 studiepoeng er på fordjupingsnivå, eller eit integrert studium på 120 studiepoeng, og b. minst ei eining på minimum 30 studiepoeng i eit anna fagområde, og c. eit sjølvstendig arbeid knytt til fordjupingsnivået på minimum 15 studiepoeng, til dømes ei bacheloroppgåve. 	<p>Berre endringar ved bruk av bokstav i staden for strekpunkt.</p>
<p>§ 2-6</p>	<p>Yrkesutdanning</p> <p>Yrkesutdanning gjeld fireårige lærarutdanningar (240 studiepoeng). Høgskulen i Volda tildeler grad som lærar etter gjeldande forskrift 1. mars 2010 nr. 295 om rammeplan for grunnskulelærerutdanningene for 1.–7. trinn og 5.–10. trinn og nasjonale retningslinjer.</p>		<p>Utgåande</p>

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

§ 2-7	<p>Mastergrad, normert to år Høgskulen i Volda tildeler mastergraden etter reglane i gjeldande forskrift 1. desember 2005 nr. 1392 om krav til mastergrad.</p>	<p>§ 2-3 Master (1) Høgskulen i Volda tildeler mastergrad i samsvar med forskrift 1. desember 2005 nr. 1392 om krav til mastergrad. (2) Høgskulen i Volda tildeler mastergrad med eit omfang på 90 eller 120 studiepoeng på grunnlag av studieprogram som er akkreditert av Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT). (3) Høgskulen i Volda tildeler mastergrad med eit omfang på 300 studiepoeng på grunnlag av fullført master i grunnskulelærerutdanning for 1.–7. trinn og 5.–10. trinn. (4) Mastergrad med 90 eller 120 studiepoengs omfang skal inkludere et sjølvstendig arbeid på minimum 30 studiepoeng. (5) Mastergrad med 300 studiepoengs omfang i tråd med punkt (3) skal inkludere et sjølvstendig arbeid på minimum 20 studiepoeng.</p>	
§ 2-8	<p>Mastergrad, normert fem år Høgskulen i Volda tildeler mastergraden etter reglane i gjeldande forskrift 1. desember 2005 nr. 1392 om krav til mastergrad.</p>		Om mastergradane er slått saman
Kapittel 3. Opptak og rangering ved opptak			
§ 3-1	<p>Allment om grunnlag for opptak (1) Til grunnskulelærerutdanning, bachelorgradar og årsstudium som er utlyste i Samordna opptak, og studieprogram i lokale opptak der opptakskravet er generell studiekompetanse, gjeld forskrift 6. januar 2017 nr. 13 om opptak til høgare utdanning.</p>	<p>§ 3-1 Grunnlag for opptak (1) Grunnlag for opptak er, om ikkje anna er fastsett, jf. forskrift 6. januar 2017 om opptak til høgare utdanning: a. generell studiekompetanse, eller b. bestått høgare utdanning på minst eitt år, eller c. fullført 2-årig fagskuleutdanning</p>	Forenkle og henwise konkret til det enkelte studieprogrammet – unngår at forskriftsteksten blir utdatert.

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

	<p>(2) Til studieprogram som byggjer på høgare utdanning, gjeld § 3-1, 1. ledd i denne forskrifta og fullført minstekrav til høgare utdanning i tråd med studieplanen for studieprogrammet.</p> <p>(3) Til mastergrad er det krav om at eitt av følgjande utdanningsløp er fullført:</p> <ol style="list-style-type: none">treårig bachelorgrad ellercand.mag.-grad ellerannan grad eller yrkesutdanning av minimum tre års omfang. <p>Særskilde opptakskrav til eit mastergradsstudium går fram av studieplanen for studieprogrammet.</p> <p>(5) Ein søkjar som ikkje fyller dei ordinære opptakskrava, kan søkje om opptak på grunnlag av realkompetanse eller be om individuell vurdering av annan kompetanse som likeverdig.</p> <p>(6) Ein søkjar med utanlandsk utdanning vert vurdert i tråd med NOKUT si tilråding for det respektive landet (GSU-lista) og eventuell NOKUT-godkjenning av høgare utdanning frå utlandet. Kravet om norsk (for søkjarar utanom Norden) og engelsk (for søkjarar som ikkje er engelskspråklege) gjeld for opptak til alle studium på alle nivå med unntak av engelskspråklege grader.</p> <p>(7) Høgskulen i Volda har utdanningar med krav om å levere politiattest ved opptak eller undervegs i studiet, jf. UH-lova § 4-9 og forskrift 6.</p>	<p>(2) For opptak etter punkt (1) bokstav b og c, er det krav om dokumenterte språkkunnskapar, jf. forskrift om opptak til høgare utdanning § 2-3 og § 2-4.</p> <p>(3) Til studieprogram som byggjer på høgare utdanning gjeld:</p> <ol style="list-style-type: none">§ 3-1 (1) i denne forskrifta, ogfullført minstekrav til høgare utdanning i tråd med studieplanen for det enkelte studieprogrammet. <p>(4) Til mastergrad med omfang på 90 eller 120 studiepoeng er det krav om at eitt av følgjande utdanningsløp er fullført:</p> <ul style="list-style-type: none">treårig bachelorgrad ellerannan grad eller utdanning av minimum tre års omfang. <p>(5) Særskilde opptakskrav går fram av studieplanen for det enkelte studieprogrammet.</p> <p>(6) Styret ved Høgskulen i Volda kan regulere opptaket til det enkelte studium eller deler av det, når dette er nødvendig av omsyn til kapasitet eller ressursar.</p> <p>§ 3-2 Krav om politiattest</p> <p>(1) Høgskulen i Volda har utdanningar med krav om å levere politiattest ved opptak eller undervegs i studiet, jf. UH-lova § 4-9 og forskrift 6. januar 2017 nr. 13 om opptak til høgare utdanning, kapittel 6.</p>	<p>Endra til bokstavpunkt.</p>
--	---	--	--------------------------------

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

	januar 2017 nr. 13 om opptak til høgre utdanning, kapittel 6.		
§3-2	<p>Opptak til praktisk-pedagogisk utdanning for allmennfag</p> <p>(1) Opptak til PPU allmennfag bygger på fullført allmennfagleg universitets- eller høgskuleutdanning. Allmennfagleg kompetanse er i denne samanhengen utdanning som kvalifiserer for undervisning i allmennfag i grunnskulen, i vidaregåande opplæring eller i vaksenopplæringa. Jf. forskrift 23. juni 2006 nr. 724 til opplæringslova. Søkjarar til PPU allmennfag vert tekne opp på eitt av tre følgande grunnlag:</p> <ol style="list-style-type: none">Fullført mastergrad med minst eitt relevant fag som gir kompetanse til å undervise jf. forskrift 23. juni 2006 nr. 724 til opplæringslova kapittel 14 ellerBachelorgrad med inntil tre fag som gir kompetanse til å undervise i praktiske og/eller estetiske fag i grunnskulen. <p>Eitt av faga kan erstattast av drama/teaterfag. Det må inngå fordjuping på minst 120 studiepoeng i eitt fag. Øvrige fag må ha eit omgang på minst 30 studiepoeng. Det er krav om gjennomsnittskarakter C eller betre frå bachelorgraden. Opninga for opptak på grunnlag av bachelorgrad i praktiske og estetiske fag er midlertidig. Frå 2025 gjeld masterkravet også i desse faga.</p> <p>(2) Inntil 20 prosent av studie plassane vert reserverte for studentar som fullfører eit</p>		Går ut – sjå kommentar til § 3-1, og (5)

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

	<p>gradsstudium ved Høgskulen i Volda. Desse skal rangerast på grunnlag av vekta gjennomsnittskarakter frå studiet.</p> <p>(3) Søkjarar vert i tillegg rangert på grunnlag av gjennomsnittskarakter frå relevant undervisningsfag i opptaksgrunnlaget.</p> <p>(4) Ved opptak til praktisk-pedagogisk utdanning er det krav om å levere politiattest, jf. forskrift 6. januar 2017 nr. 13 om opptak til høgre utdanning, kapittel 6.</p>		
§ 3-3	<p>Opptak til praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag</p> <p>(1) Studentar med yrkesfagleg kompetanse vert tekne opp på eitt av følgjande to grunnlag:</p> <p>a. Fullført treårig profesjonsretta universitets- eller høgskuleutdanning og minimum to års relevant yrkespraksis. Profesjonsretta utdanning er i denne samanhengen utdanning som kvalifiserer for undervisning på yrkesfaglege studieretningar i vidaregåande opplæring, t.d. fagskule/høgare utdanning.</p> <p>b. Generell studiekompetanse og fag-/sveinebrev eller anna fullført treårig yrkesutdanning på vidaregåande nivå, to års relevant yrkesteoretisk utdanning og minimum fire års yrkespraksis. To år av læretida kan inngå i praksiskravet. Lengre yrkespraksis og god yrkesteoretisk utdanning kan etter individuell vurdering kompensere for kravet om generell studiekompetanse.</p>		Går ut – sjå kommentar til § 3-1, og (5)

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

	<p>(2) Ved opptak til praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag prioriterer vi slik:</p> <p>a. Søkjarar med fullført masterstudium/hovudfag og med relevant undervisningsfag for vidaregåande skule.</p> <p>b. Søkjarar med bachelor-/cand.mag.-grad og med relevant undervisningsfag for vidaregåande skule.</p> <p>c. Søkjarar som tilfredsstillir krava til generell studiekompetanse og fag-/sveinebrev eller anna fullført treårig yrkesutdanning på vidaregåande nivå, yrkesteoretisk utdanning og minimum to års yrkespraksis. Studentane i denne gruppa vert prioriterte etter utdanning og yrkespraksis.</p> <p>(3) Søkjarar med tilsetjing på vilkår kan prioriterast ved opptak.</p> <p>(4) Ved opptak til praktisk-pedagogisk utdanning er det krav om å levere politiattest, jf. forskrift 6. januar 2017 nr. 13 om opptak til høgre utdanning, kapittel 6.</p>		
§ 3-4	<p>Realkompetansevurdering</p> <p>(1) Ein søkjar som ikkje kan dokumentere generell studiekompetanse eller spesielle opptakskrav, kan få opptak på grunnlag av fagleg realkompetansevurdering.</p> <p>(2) Realkompetansevurdering føreset:</p> <ul style="list-style-type: none">- Ved søknad til grunnutdanning må søkjaren vere 25 år eller eldre i opptaksåret.- Ved søknad til mastergradsutdanning må søkjaren vere 28 år eller eldre i opptaksåret.	<p>§ 3-3 Vurdering av realkompetanse</p> <p>(1) Ein søkar som ikkje kan dokumentere generell studiekompetanse eller spesielle opptakskrav, kan få opptak på grunnlag av realkompetansevurdering, jf. kapittel 3 i forskrift av 6. januar 2017 om opptak til høgre utdanning.</p> <p>(2) Rett til vurdering av realkompetanse ved opptak til høgare utdanning føreset at søkar:</p> <ul style="list-style-type: none">a. er 25 år eller eldre i opptaksåretb. har til saman fem års yrkespraksis og/eller utdanning, organisasjonsarbeid eller	

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

	<p>- Søkjaren må ha minimum eitt år relevant høgare utdanning på lågare grads nivå dersom ein søker til studium på høgare grads nivå.</p> <p>- Søkjarar med morsmål frå land utanfor Norden må dokumentere kunnskap i norsk på nivå med kravet som inngår i generell studiekompetanse.</p> <p>- Søkjaren må ha til saman fem års yrkespraksis og/eller utdanning. Utdanning, organisasjonsarbeid eller liknande kan utgjere inntil to av desse fem åra. Minst tre år må vere relevant praksis i høve til utdanninga det vert søkt opptak til.</p> <p>- For å få tilbod om opptak krev ein likeverdig dugleik og kunnskap med søkerar som får tilbod etter rangering på grunnlag av poengutrekning.</p> <p>(3) Realkompetansesøklarar skal rangerast i høve til poengutrekna søkerar ved vurdering etter skjønn.</p> <p>(4) Høgskulen i Volda har eigne retningslinjer for realkompetansevurdering.</p>	<p>liknande kan utgjere inntil to av desse fem åra. Minst tre år må vere relevant praksis i høve til utdanninga det vert søkt opptak til.</p> <p>c. med morsmål frå land utanfor Norden må dokumentere kunnskap i norsk på nivå med kravet som inngår i generell studiekompetanse.</p> <p>(3) Kvalifikasjonane skal vurderast ut frå det faget søkaren ønsker å studere. Søkaren må ha nødvendige faglege føresetnader for å gjennomføre det aktuelle studiet utan å ha generell studiekompetanse.</p> <p>(4) Realkompetansesøklarar skal rangerast i høve til same nivå som søkerar som får opptak på ordinært grunnlag.</p> <p>(5) Høgskulen i Volda har eigne retningslinjer for realkompetansevurdering.</p>	
§ 3-5	<p>Organisering og gjennomføring av opptak</p> <p>(1) Poengutrekning, rangering og opptak vert gjennomført av studiedirektøren i samråd med dekanane, som er ansvarlege for dei ulike studieprogramma.</p> <p>(2) Studiedirektøren kan setje ned ein opptakskomité for å vurdere søknader på grunnlag av</p> <ul style="list-style-type: none"> - realkompetanse - særskild vurdering 		§ 3-5 er overflødig, og er tatt ut i ny forskrift. Gjeld i stor grad intern organisering/retningslinjer.

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

	- dispensasjon frå opptakskrav.		
§ 3-6	<p>Søknadsfristar</p> <p>(1) Søknadsfristar i lokale opptak vert vedtekne av studiedirektøren i samråd med dekanane.</p> <p>(2) Søknadsfristar skal kunngjerast samstundes med utlysing av studieprogram for søking.</p>	<p>§ 3-4 Søknadsfristar</p> <p>(1) Søknadsfristar i lokale opptak vert kunngjort på høgskulen i Volda sine nettsider.</p> <p>(2) Søknadsfristar kunngjerast samtidig med utlysing av studieprogram for søking.</p> <p>(3) Søkarar til studium i nasjonalt opptak følger fristar og prosedyrar som gjeld for dette.</p>	Omskrevet – rettes mot studentenes infobehov.
§ 3-7	<p>Dokumentasjon og ettersending</p> <p>(1) Søkjarar til studium i Samordna opptak følgjer fristar og prosedyrar som gjeld for Samordna opptak.</p> <p>(2) Til lokale opptak pliktar søkjaren å orientere seg og syte for at Høgskulen i Volda får den dokumentasjonen som er naudsynt for at søknaden skal kunne handsamast.</p> <p>(3) Godkjend dokumentasjon er kopiar av originaldokument eller godkjent opplasta dokumentasjon av eksterne resultat.</p> <p>(4) Dokumentasjon på utdanning som er under fullføring i opptakssemesteret, skal ettersendast snarast og seinast innan den kunngjorde fristen.</p> <p>(5) Søkjarar i lokale opptak som ikkje følgjer § 3-7, 2. til 5. ledd i denne forskrifta, får ikkje handsama søknaden sin og vert følgjeleg ikkje med i opptaket.</p>	<p>§ 3-5 Dokumentasjon og ettersending</p> <p>(1) Søkarar pliktar å orientere seg og syte for at Høgskulen i Volda får den dokumentasjonen som er naudsynt for at søknaden skal kunne handsamast, og innan dei fristane som er gitt.</p> <p>(2) Godkjend dokumentasjon er kopiar av originaldokument eller godkjent opplasta dokumentasjon av eksterne resultat.</p> <p>(3) Dokumentasjon på utdanning som er under fullføring i opptakssemesteret, skal ettersendast snarast og seinast innan den kunngjorde fristen.</p> <p>(4) Ein student må ved førespurnad vise fram originaldokument som er grunnlag for opptak til studium. Ein student som ikkje viser fram førespurde originaldokument for kontroll og godkjenning, kan bli nekta opptak.</p>	Ad (5) – omtaler berre forhold knytt til opptak (før studierett er aktuelt) Slår saman tidlegare (5) og (6). Fusk og falsk

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

	<p>(6) Ein student må ved førespurnad vise fram originaldokument som er grunnlag for opptak til studium og utskriving av vitnemål/karakterutskrift frå Høgskulen i Volda. Ein student som ikkje viser fram førespurde originaldokument for kontroll og godkjenning, kan misse studieretten.</p>		<p>dokumentasjon rammes av andre §§ i UH-lova.</p>																																													
<p>§ 3-8</p>	<p>Poengutrekning og rangering</p> <p>(1) Til grunnutdanning gjeld poengutrekning og rangering innanfor kvotar fastsette i forskrift 6. januar 2017 nr. 13 om opptak til høgare utdanning</p> <p>(2) Til studieprogram som byggjer på høgare utdanning, gjeld § 3-8, 1. ledd i denne forskrifta. I tillegg må minstekravsutdanninga som er fastsett i studieplanen, vere fullført og bestått.</p> <p>(3) Til mastergradsutdanning vert poengutrekning og rangering gjorde på grunnlag av gjennomsnittskaraktarar frå fullført og bestått grunnutdanning. Omrekning av karakterar frå grunnutdanninga vert gjord etter ein gradert skala, slik:</p> <table style="width: 100%; border-collapse: collapse;"> <tr> <td style="width: 25%;">Vurdering/omrekning</td> <td style="width: 12.5%;">5</td> <td style="width: 12.5%;">4</td> <td style="width: 12.5%;">3</td> <td style="width: 12.5%;">2</td> </tr> <tr> <td></td> <td>1</td> <td></td> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <td>Bokstavkarakterar I</td> <td>A</td> <td>B</td> <td>C</td> <td>D</td> </tr> <tr> <td></td> <td>E</td> <td></td> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <td>Bokstavkarakterar II</td> <td>Sg</td> <td>Mg</td> <td>G</td> <td>Ng</td> </tr> <tr> <td></td> <td></td> <td></td> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <td>Bokstavkarakterar III</td> <td>Stf</td> <td>Mtf</td> <td>Tf</td> <td></td> </tr> <tr> <td></td> <td>Gk/Ngtf</td> <td></td> <td></td> <td></td> </tr> <tr> <td>Stått/bestått/godkjent</td> <td colspan="4">S/B/G</td> </tr> </table>	Vurdering/omrekning	5	4	3	2		1				Bokstavkarakterar I	A	B	C	D		E				Bokstavkarakterar II	Sg	Mg	G	Ng						Bokstavkarakterar III	Stf	Mtf	Tf			Gk/Ngtf				Stått/bestått/godkjent	S/B/G				<p>§ 3-6 Poengutrekning og rangering</p> <p>(1) Til grunnutdanning gjeld poengutrekning og rangering innanfor kvotar fastsette i forskrift 6. januar 2017 nr. 13 om opptak til høgare utdanning.</p> <p>(2) Til studieprogram som bygger på høgare utdanning må i tillegg særlege minstekrav til utdanninga som er fastsett i studieplanen, vere fullført og bestått.</p> <p>(3) Til mastergradsutdanning blir poengutrekning og rangering gjorde på grunnlag av gjennomsnittskaraktarar frå fullført og bestått grunnutdanning.</p> <p>(4) Det kan gjevast tilleggs-poeng for relevant praksis og fullført høgare utdanning ut over opptakskravet. Dette går fram av gjeldande studieplan for studieprogrammet det vert søkt opptak til.</p>	<p>Til (3) – detaljert Nedskalert og henvisning til konkret lovverk.</p>
Vurdering/omrekning	5	4	3	2																																												
	1																																															
Bokstavkarakterar I	A	B	C	D																																												
	E																																															
Bokstavkarakterar II	Sg	Mg	G	Ng																																												
Bokstavkarakterar III	Stf	Mtf	Tf																																													
	Gk/Ngtf																																															
Stått/bestått/godkjent	S/B/G																																															

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

	<p>Talkarakterar I 1,0–2,0 2,1–2,5 2,6–2,9 3,0–3,4 3,5–4,0</p> <p>Talkarakterar II 4,0–3,6 3,5–2,6 2,5–1,6 1,5–0,6</p> <p>Talkarakterar II gjeld eldre vitnemål med 4 som beste karakter.</p> <p>(4) Det kan gjevast tilleggspoeng for relevant praksis og fullført høgare utdanning ut over opptakskravet. Dette går fram av gjeldande studieplan for studieprogrammet det vert søkt opptak til.</p>		
<p>§ 3-9</p>	<p>Utsett studiestart</p> <p>(1) Studiedirektøren kan etter skriftleg søknad gje ein søkjar utsett studiestart i inntil to år fram i tid dersom vedkomande</p> <ul style="list-style-type: none"> - har stadfesta at han/ho tek imot tilbodet om studieplass innan fastsett svarfrist - har særskild grunn for søknaden og - har søkt innan tre veker etter at tilbodet om studieplass vart motteke. <p>Særskilde grunnar er at søkjaren anten er innkalla til førstegongs militær-/sivilteneste, er gravid eller har alvorleg sjukdom. Annan tungtvegande grunn kan gje grunnlag for å imøtekomme søknaden. Grunnen skal dokumenterast med innkallingsbrev eller legeattest.</p> <p>(2) Høgskulen i Volda kan ikkje reservere ein studieplass tildelt i Samordna opptak dersom søkjaren har «betinga opptak» som opptaksgrunnlag, dvs. av spesielle omstende ikkje</p>	<p>§ 3-7 Utsett studiestart</p> <p>(1) Søkjar kan etter skriftleg søknad få utsett studiestart fram i tid dersom vedkomande:</p> <ul style="list-style-type: none"> a. har stadfesta at ein tek imot tilbodet om studieplass innan fastsett svarfrist, og b. har særskild grunn for søknaden, og c. har søkt innan tre veker etter at tilbodet om studieplass vart motteke <p>(2) Særskilde grunnar er at søkaren:</p> <ul style="list-style-type: none"> a. er innkalla til førstegongs militær-/sivilteneste, b. er gravid, eller c. har alvorleg sjukdom, eller d. annan tungtvegande grunn <p>Grunnen skal dokumenterast med innkallingsbrev eller legeattest.</p> <p>(3) Høgskulen i Volda kan ikkje reservere ein studieplass tildelt i Samordna opptak dersom søkaren har fått opptak på vilkår, dvs. av spesielle omstende ikkje har teke eksamen i</p>	<p>Her er det tatt bort det som gjeld intern arbeidsfordeling.</p>

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

	<p>har teke eksamen i vidaregåande skule i vårsemesteret.</p> <p>(3) Ein søkjar som får innvilga søknad om utsett studiestart, får reservert studieplassen i inntil to år.</p> <p>(4) Ein søkjar som får utsett studiestart, må stadfeste bruk av den reserverte studieplassen ved å søkje om nytt opptak innan søknadsfristen. Prosedyrane skal gå fram av godkjeningsbrevet.</p>	<p>vidaregåande skule i vårsemesteret, jf. forskrift om opptak til høgre utdanning § 5-1.</p> <p>(4) Ein søkar som får innvilga søknad om utsett studiestart, får reservert studieplass i inntil to år.</p> <p>(5) Ein søkar som får utsett studiestart, må stadfeste bruk av den reserverte studieplassen ved å søke om nytt opptak innan søknadsfristen. Prosedyrane skal gå fram av godkjeningsbrevet.</p>	
<p>Kapittel 4. Gjennomføring av studiet</p>			
<p>§ 4-1</p>	<p>Studierett</p> <p>(1) Studieretten gjev studenten mellom anna</p> <ul style="list-style-type: none"> - rett og plikt til å få utdanningsplan i samsvar med UH-lova § 4-2, jf. § 4-4 i denne forskrifta - rett og plikt til å ta del i obligatorisk undervisning i studiet - rett og plikt til praksisopplæring og deltaking i andre aktivitetar i studiet - rett og plikt til å bli vurdert i samsvar med dei vurderingsformene som er fastsette i studie- og emneplanar, og i tråd med vedtekne reglar om eksamen - rett til utdanningsrettleiing - rett til utanlandsopphald/utveksling, dersom dette kan inngå i studieprogrammet - tilgang til Høgskulen i Volda sine undervisningslokale, bibliotek, lese- og arbeidsplassar, IT-system og nøkkelkort med kode for tilgjenge utanom fastsette opningstider. 	<p>Kapittel 4 Studierett</p> <p>§ 4-1 Studierett</p> <p>(1) Studieretten gir studenten mellom anna:</p> <ul style="list-style-type: none"> a. rett og plikt til å få ein utdanningsplan, jf. uhl. § 4-2 og § 4-4 i denne forskrifta b. rett og plikt til å ta del i obligatorisk undervisning i studiet, praksisopplæring og deltaking i andre aktivitetar i studiet c. rett til utanlandsopphald/utveksling som gjeld for studiet d. rett og plikt til å bli vurdert i samsvar med dei vurderingsformene som er fastsette i studie- og emneplanar, og i tråd med vedtekne reglar om eksamen e. rett til utdanningsrettleiing f. tilgang til Høgskulen i Volda sine undervisningslokale, bibliotek, lese- og arbeidsplassar og IT-system, i samsvar med gjeldande rammer. 	<p>Bytter plass på c), d) og e) – utveksling skal være tilgjengeleg på alle studieprogram og inngår difor i rekka av studieaktivitetar på linje med undervisning mm.</p>

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

	<p>(2) Perioden for studierett vert gjeven i samsvar med fastsett gjennomføringstid for eit studieprogram.</p> <p>(3) Dersom studenten sin studieprogresjon ikkje samsvarar med fastsett gjennomføringstid for studieprogrammet, kan studenten kontaktast. Studenten må aktivt bidra til å klargjere status og leggje ein plan for vidare gjennomføring.</p> <p>(4) Ein student kan søkje permisjon, jf. § 4-12 i denne forskrifta, og studieretten kan bli forlengd.</p> <p>(5) Ein student som vert forseinka med avtala gjennomføringstid for studieprogrammet, kan søkje om få utvida perioden for studierett med inntil to år. Ein student som har fått utsett studiestart eller permisjon, eller mellombels har vore utestengd, får ikkje dette rekna med som del av desse to åra.</p> <p>(6) Ein student med forseinka studieprogresjon, jf. § 4-1, 4. og 5. ledd i denne forskrifta, må følgje gjeldande studieplan.</p> <p>(7) Studieretten kan gå tapt dersom eitt av følgjande forhold er til stades:</p> <ul style="list-style-type: none">- Studenten held ikkje fristane for registrering og betaling av semester- og/eller studieavgift- Studenten har ikkje oppfylt obligatoriske krav som er sette for gjennomføringa av studieprogrammet	<p>(2) Perioden for studierett vert gitt i samsvar med fastsett gjennomføringstid for eit studieprogram.</p> <p>(3) Høgskulen i Volda har eigne retningslinjer for studierett.</p> <p>§ 4-2 Utvida studierett</p> <p>(1) Dersom studenten sin studieprogresjon ikkje samsvarar med fastsett gjennomføringstid for studieprogrammet, skal studenten aktivt bidra til å klargjere status og legge ein plan for vidare gjennomføring.</p> <p>(2) Ein student som vert forsinka med avtalt gjennomføringstid for studieprogrammet, kan søkje om få utvida perioden for studierett med inntil to år. Ein student som har fått utsett studiestart eller permisjon, eller mellombels har vore utestengd, får ikkje dette rekna med som del av desse to åra.</p> <p>(4) Ein student med forseinka studieprogresjon, må følgje gjeldande studieplan.</p> <p>§ 4-3 Tap av studierett</p> <p>(1) Studieretten kan gå tapt dersom eitt av følgjande forhold er til stades:</p> <ul style="list-style-type: none">a. studenten held ikkje fristane for registrering og betaling av semester- og/eller studieavgiftb. studenten har ikkje oppfylt obligatoriske krav som er sette for gjennomføring av studieprogrammetc. studenten har ikkje avlagt eksamen/-ar i samsvar med utdanningsplanen	
--	---	---	--

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

	<p>- Studenten har ikkje avlagt eksamen/-ar i samsvar med utdanningsplanen, jf. § 4-4 i denne forskrifta</p> <p>- Studenten overskrid grensa for fastsett gjennomføringstid for studieprogrammet, inkl. eventuelle tillegg, jf. § 4-1, 5. ledd i denne forskrifta</p> <p>- Studenten har brukt opp forsøka sine på praksis og/eller eksamen, jf. § 4-8, 7. ledd og § 5-2, 6. ledd i denne forskrifta.</p> <p>(8) Studiedirektøren vedtek tap av studierett i samråd med dekanen.</p> <p>(9) Studieretten vert avslutta når studenten sjølv stadfestar at ho eller han trekkjer seg frå studieprogrammet.</p> <p>(10) Studieretten vert automatisk avslutta når studieprogrammet er fullført.</p> <p>(11) Høgskulen i Volda har egne retningslinjer for studierett.</p>	<p>d. studenten overskrid grensa for fastsett gjennomføringstid for studieprogrammet, inkl. eventuelle tillegg.</p> <p>e. Studenten har brukt opp forsøka sine på praksis og/eller eksamen</p> <p>(2) Studieretten vert avslutta når:</p> <p>a. studenten sjølv stadfestar at vedkommande trekkjer seg frå studieprogrammet, eller</p> <p>b. studieprogrammet er fullført.</p>	
		Kapittel 5 Tilrettelegging og permisjon	
		§ 5-1 Individuell tilrettelegging ved funksjonsnedsetting og særskilte behov	
		<p>(1) Studentar med funksjonsnedsetting og/eller særskilte behov har rett til egna individuell tilrettelegging av lærestad, undervisning, læremidlar og eksamen, for å sikre likeverdige opplærings- og utdanningsvilkår, jf. uhl. § 4-3 c.</p>	

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

	<p>Studenten vert då vist til neste ordinære eksamensperiode.</p> <p>Dersom ein annan student melder seg og har rett på eksamen i same emnet, jf. § 5-2, 3. ledd i denne forskrifta, kan studenten få gå opp i perioden for kontinuasjon. Dette vert avtala i dialog mellom studenten og studieadministrasjonen.</p> <p>(5) Ein student som er gravid og får dato for eksamen lagd i perioden for fødselspermisjon, eller ein student som vert forelder og får dato for eksamen lagd i perioden to veker etter fødselen, jf. UH-lova § 4-5, 1. ledd, får tilbod om eksamen i næraste eksamensperiode etter at permisjonen er ute, anten for ordinær eksamen eller kontinuasjon. Dette vert avtala i dialog mellom studenten og studieadministrasjonen. Denne ordninga gjeld også ved adopsjon.</p> <p>(6) Ein student har rett til tre (3) forsøk på eksamen i same emnet.</p> <p>(7) Ein student må melde seg av eksamen seinast fjorten dagar før eksamen skal ta til, for at det ikkje skal bli teljande som eit eksamensforsøk.</p> <p>(8) Manglande levering av eksamenssvar eller manglande frammøte til eksamen, eller for sein avmelding, vert rekna som eit eksamensforsøk.</p> <p>(9) Annullering av eksamen etter UH-lova § 4-7 vert rekna som eit eksamensforsøk.</p>	<p>§ 8-4 Trekke seg frå eksamen</p> <ol style="list-style-type: none">(1) Studenten kan sjølv velje å trekke seg frå eksamen i Studentweb inntil to - 2 - veker før eksamensdato.(2) Trekk innan fristen teller ikkje som gjeldande eksamensforsøk.(3) Studentar kan berre trekke seg under eksamen på grunn av sjukdom.(4) For at dette ikkje skal telje som gjeldande eksamensforsøk må studenten snarast levere dokumentasjon frå lege eller annan sakkyndig. <p>§ 8-5 Rett til kontinuasjonseksamen</p> <ol style="list-style-type: none">(1) Studentar som ikkje har bestått eller ikkje møtt/levert ved ordinær eksamen, eller som har ein medisinsk grunn eller velferdsgrunn som hindrar dei i gå opp til ordinær eksamen, har rett på kontinuasjonseksamen.(2) Ein student som har bestått eit emne og ynskjer å forbetre karakter, har rett på dette om eksamen blir heldt i same emnet for ein eller fleire studentar i med rett på kontinuasjonseksamen, eller vert helt som ordinær eksamen for nytt kull. Dersom ein annan student melder seg og har rett på eksamen i same emnet, kan studenten tilsvarende rett.(3) Ein student som har stått og vil forbetre eksamensresultatet i eit emne, må ta ny eksamen etter gjeldande emneplan.	
--	---	--	--

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

	<p>(10) Ein student som har tapt studieretten etter å ha brukt opp eksamensforsøka sine, jf. § 4-1, 7. ledd og § 5-2, 6. ledd i denne forskrifta, får ikkje nye eksamensforsøk ved å søkje om nytt opptak til studieprogrammet.</p>	<p>(4) Ein student som har tapt studieretten etter å ha brukt opp eksamensforsøka sine, får ikkje nye eksamensforsøk ved å søke om nytt opptak til same studieprogram.</p>	
§ 5-3	<p>Eksamenstidspunkt og eksamensstad</p> <p>13) Studenten er sjølv ansvarleg for å halde seg orientert om tid og stad for eksamen og kva hjelpemiddel som er tillatne.</p> <p>(1) Ordinær eksamen vert arrangert innanfor fastsett eksamensperiode i slutten av kvart semester.</p> <p>(2) Kontinuasjoneksamen vert arrangert i påfølgjande semester.</p> <p>(3) Eksamen i emne som er utgått, kan bli arrangert inntil eitt år etter siste ordinære eksamen i emnet.</p> <p>(4) Eksamensstad er Høgskulen i Volda, inkludert høgskulen sitt datanettverk og eksamensverktøy.</p> <p>(5) Studiedirektøren kan vedta anna eksamenstidspunkt og/eller annan eksamensstad, i samråd med dekanen.</p>	<p>§ 8-6 Tid og stad for eksamen</p> <p>(1) Studenten er sjølv ansvarleg for å halde seg orientert om tid og stad for eksamen og kva hjelpemiddel som er tillatne.</p> <p>(2) Ordinær eksamen vert arrangert innanfor fastsett eksamensperiode i slutten av kvart semester.</p> <p>(3) Kontinuasjoneksamen vert arrangert i påfølgjande semester.</p> <p>(4) Eksamen i emne som er utgått, kan bli arrangert inntil eitt år etter siste ordinære eksamen i emnet.</p> <p>(5) Eksamensstad er Høgskulen i Volda, inkludert høgskulen sitt datanettverk og eksamensverktøy.</p>	
		<p>§ 8-7 Hjelpemiddel og kjeldebruk</p> <p>(1) Studenten plikter og sette seg godt inn i lovlege hjelpemiddel til den enkelte eksamen. Det skal gå tydeleg fram av emneplanen og eksamensoppgåva kva som er lovlege hjelpemiddel.</p>	Flytta fram.

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

		<p>(2) Dersom oppgåveteksten ikkje nemner hjelpemiddel, tyder dette at ingen hjelpemiddel er lovlege.</p> <p>(3) Ved eksamen med tilsyn vert det å ha med eller skaffe seg tilgang til hjelpemiddel som ikkje går fram av eksamensoppgåva, sett på som fusk. Mobiltelefonar og anna elektronisk utstyr er sett på som ulovlege hjelpemiddel.</p> <p>(4) Ved eksamen utan tilsyn skal arbeidet;</p> <ol style="list-style-type: none">ikkje ha vore brukt ved ein annan eksamen ved Høgskulen i Voldaikkje ha vore brukt til eksamen ved andre institusjonar innanlands eller utanlandsikkje referere til eller vere basert på andre sitt arbeid utan at det vert oppgjeveikkje referere til eller vere basert på eige tidlegare arbeid utan at det vert oppgjeve <p>(5) Ved eksamen utan tilsyn skal studenten gje opp alle kjelder som er nytta i framstillinga av arbeidet. Avskrift eller kopi utan tilvising til kjelde vert rekna som fusk.</p> <p>(6) Dei ovannemnde krava gjeld også for arbeidskrav og andre vilkår som er sette for å gå opp til eksamen.</p> <p>(7) Høgskulen i Volda har eigne retningslinjer for kjelde- og litteraturbruk.</p>	
		<p>§ 8-8 Eksamensspråk</p> <p>(1) Eksamensspråket ved Høgskulen i Volda er norsk med mindre anna er fastsett i studie- eller emneplanen.</p>	<p>Svensk og dansk? – jf språklova § 8.</p>

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

		<p>(2) Alle eksamensoppgåver i norskspråklege emne skal ligge føre både på nynorsk og bokmål, med unntak for eksamenar der nynorsk- eller bokmålskompetansen skal prøvast.</p> <p>(3) Når eksamensspråket er norsk kan ein student velje å skrive eksamenssvaret på eit anna skandinavisk språk, jf. språkløva § 8.</p> <p>(4) Ein student kan søke om å få eksamen på eit anna språk enn norsk innan ein fastsett frist, publisert på Høgskulen i Volda sine nettsider, jf.</p>	
§ 5-4	<p>Særskild tilrettelegging av eksamen</p> <p>(1) Ein student som av ein medisinsk grunn eller ein velferdsgrunn har vanskar med å gjennomføre eksamensforma som er vedteken, kan søkje om særskild tilrettelegging av eksamen. Tilrettelegginga skal kompensere for dei ulempene som ligg til grunn for søknaden, samtidig som studentane i størst mogleg grad skal prøvast likt. Særskild tilrettelegging er normalt utvida tid eller bruk av hjelpemiddel. Ein kan også vurdere andre tiltak når det er dokumentert særlege behov.</p> <p>(2) Søknad om særskild tilrettelegging av eksamen må leverast innan fastsett frist publisert på Høgskulen i Volda sine nettsider.</p> <p>(3) Det kan gjerast unntak frå fristen ved akutt sjukdom eller liknande. Behovet må dokumenterast med attest frå lege eller annan</p>	<p>§ 8-9 Særskild tilrettelegging av eksamen</p> <p>(1) Ein student som av medisinsk grunn eller ein velferdsgrunn har vanskar med å gjennomføre eksamensforma som er vedteken, kan søke om særskild tilrettelegging av eksamen.</p> <p>(2) Tilrettelegginga skal kompensere for dei ulempene som ligg til grunn for søknaden, samtidig som studentane i størst mogleg grad skal prøvast likt. Særskild tilrettelegging er normalt utvida tid eller bruk av hjelpemiddel. Det kan også vurdere andre tiltak når det er dokumentert særlege behov.</p> <p>(3) Søknad om særskild tilrettelegging av eksamen må leverast innan fastsett frist som vert publisert på Høgskulen i Volda sine nettsider.</p> <p>(4) Det kan gjerast unntak frå fristen ved akutt sjukdom eller liknande. Behovet må dokumenterast med attest frå lege eller annan sakkunnig. Det skal gå fram av</p>	

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

	<p>sakkunnig. Det skal gå fram av dokumentasjonen kva som trengst av særskild tilrettelegging.</p> <p>(4) Dersom grunnlaget for særskild tilrettelegging er av varig karakter, er det nok å sende søknad ein gong for perioden ein har studierett på eit studieprogram. Ein må søkje på nytt ved endra behov.</p> <p>(5) Studiedirektøren avgjer søknader om særskild tilrettelegging av eksamen.</p>	<p>dokumentasjonen kva som trengst av særskild tilrettelegging.</p> <p>(5) Dersom grunnlaget for særskild tilrettelegging er av varig karakter, er det nok å sende søknad ein gong for perioden ein har studierett på eit studieprogram. Studenten må søke på nytt ved endra behov.</p>	
§ 5-5	<p>Forbetring av eksamensresultat</p> <p>(1) Ein student som har stått og vil forbetre eksamensresultatet i eit emne, må ta ny eksamen etter gjeldande emneplan.</p> <p>(2) Dersom ein student vil forbetre ei semesteroppgåve, bachelorgradsoppgåve eller mastergradsoppgåve eller liknande innanfor eit emne i eit studieprogram, kan eksamenssvaret berre leverast på nytt dersom oppgåva er ny eller så omarbeidd at ho kan vurderast som ei ny oppgåve. Dersom studenten leverer ei omarbeidd oppgåve, må det gå fram kva som er endra.</p> <p>(3) Ein student har ikkje krav på rettleiing ved forbetring av eksamensresultat.</p> <p>(4) Talet på eksamen for forbetring i eit emne er avgrensa til to (2) forsøk etter første ordinære eksamen, jf. § 5-2, 6. ledd i denne forskrifta.</p>		Forbetring - tatt inn over om kontinuasjonseksamen.

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

<p>§ 5-6</p>	<p>Privatisteksamen</p> <p>(1) Ein privatist er ein person som ikkje er oppteken ved Høgskulen i Volda, men som fyller opptakskrava og søker om å få ta eksamen i eitt eller fleire emne i eit studieprogram. Eventuelle obligatoriske krav og krav til forkunnskapar i eit emne må også vere stetta.</p> <p>(2) Søknad om privatisteksamen må leverast innan fastsett frist, publisert på Høgskulen i Volda sine nettsider.</p> <p>(3) Eksamen for privatistar skal vere eksamen med tilsyn.</p> <p>(4) Privatistar skal betale semesteravgift til Studentsamskipnaden det semesteret dei går opp til eksamen.</p> <p>(5) Privatistar skal betale ei avgift som dekkjer Høgskulen i Volda sine meirkostnader ved å leggje til rette for eksamen, jf. UH-lova § 3-10, 4. ledd.</p> <p>(6) Dersom ein privatist av ein særskild grunn vert hindra frå å gå opp til eksamen, kan eksamen takast på nytt utan at han/ho må betale nye avgifter. Med særskild grunn meiner ein medisinsk grunn eller ein velferdsgrunn, som vert dokumentert med attest frå lege eller annan sakkunnig.</p> <p>(7) Studiedirektøren avgjer søknader om privatisteksamen i samråd med dekanen.</p>	<p>§ 8-10 Privatisteksamen</p> <p>(1) Ein privatist er ein person som ikkje er oppteken som student ved Høgskulen i Volda, men som fyller opptakskrava og søker om å få ta eksamen i eitt eller fleire emne i eit studieprogram. Eventuelle obligatoriske krav og krav til forkunnskapar i eit emne må også vere stetta.</p> <p>(2) Søknad om privatisteksamen må leverast innan fastsett frist, publisert på Høgskulen i Volda sine nettsider.</p> <p>(3) Retten til å ta eksamen som privatist gjeld berre eksamen med tilsyn.</p> <p>(4) Privatistar skal betale semesteravgift til Studentsamskipnaden det semesteret dei går opp til eksamen.</p> <p>(5) Privatistar skal betale ei avgift som dekkjer Høgskulen i Volda sine meirkostnader ved å leggje til rette for eksamen, jf. uhl. § 3-10, 4. ledd.</p> <p>(6) Dersom ein privatist av ein særskild grunn vert hindra frå å gå opp til eksamen, kan eksamen takast på nytt utan at han/ho må betale nye avgifter. Med særskild grunn meiner ein medisinsk grunn eller ein velferdsgrunn, som vert dokumentert med attest frå lege eller annan sakkunnig, sjå ovanfor §§ 8-3 og 8-4.</p>	
--------------	--	---	--

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

§ 5-7	Eksamensspråk (1) Eksamensspråket ved Høgskulen i Volda er norsk med mindre anna er fastsett i studie- eller emneplanen. (2) Alle eksamensoppgåver i norskspråklege emne skal leggjast fram både på nynorsk og bokmål, med unntak for eksamenar der nynorsk- eller bokmålskompetansen skal prøvast. (3) Ein student kan søkje om å få eksamen på eit anna språk enn norsk innan ein fastsett frist, publisert på Høgskulen i Volda sine nettsider. (4) Studiedirektøren avgjer om det skal utarbeidast oppgåvetekst på eit anna språk, t.d. engelsk, og/eller om eksamenssvaret kan skrivast på eit anna språk, t.d. engelsk, i samråd med dekanen.		Flytta fram.
§ 5-8	Hjelpemiddel og kjeldebruk (1) Ved eksamen med tilsyn skal det gå tydeleg fram av emneplanen og eksamensoppgåva kva som er lovlege hjelpemiddel. Dersom oppgåveteksten ikkje nemner hjelpemiddel, tyder dette at ingen hjelpemiddel er lovlege. (2) Ved eksamen med tilsyn vert det å ha med eller skaffe seg tilgang til hjelpemiddel som ikkje går fram av eksamensoppgåva, sett på som fusk. Mobiltelefonar og anna elektronisk utstyr er sett på som ulovlege hjelpemiddel.		Flytte fram.

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

	<p>(3) Ved eksamen utan tilsyn skal arbeidet</p> <ul style="list-style-type: none">- ikkje ha vore brukt ved ein annan eksamen ved Høgskulen i Volda- ikkje ha vore brukt til eksamen ved andre institusjonar innanlands eller utanlands- ikkje referere til eller vere basert på andre sitt arbeid utan at det vert oppgjeve- ikkje referere til eller vere basert på eige tidlegare arbeid utan at det vert oppgjeve <p>(4) Ved eksamen utan tilsyn skal studenten gje opp alle kjelder som er nytta i framstillinga av arbeidet. Avskrift eller kopi utan tilvising til kjelde vert rekna som fusk.</p> <p>(5) Dei ovannemnde krava gjeld også for arbeidskrav og andre vilkår som er sette for å gå opp til eksamen.</p> <p>(6) Høgskulen i Volda har eigne retningslinjer for kjelde- og litteraturbruk.</p>		
		Kapittel 9 Sensur og klage på sensur	
§ 5-9	Eksamenssvar Eksamensresultat vert normalt kunngjorde på Studentweb så snart godkjend sensurvedtak ligg føre. (1) Ein student som har vore oppe til eksamen, kan ikkje unndra seg sensur etter at eksamenssvaret er levert. (2) Ved eksamen med tilsyn kan eksamenssvar som er leverte, ikkje leverast ut igjen, endrast eller supplerast.	§ 9-1 Grunnlag for sensur (1) Ein student som har vore oppe til eksamen, kan ikkje unndra seg sensur etter at eksamenssvaret er levert. (2) Ved eksamen med tilsyn kan eksamenssvar som er leverte, ikkje leverast ut igjen, endrast eller supplerast. (3) Ved eksamen utan tilsyn kan ein student erstatte eit eksamenssvar som allereie er levert, med eit nytt eksamenssvar fram til fastsett innleveringsfrist.	

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

	<p>(3) Ved eksamen utan tilsyn kan ein student erstatte eit eksamenssvar som allereie er levert, med eit nytt eksamenssvar fram til avtala innleveringsfrist.</p> <p>(4) Ved eksamen utan tilsyn kan ein student eller grupper av studentar kallast inn til tilleggseksamen. Studiedirektøren avgjer om slik eksamen skal arrangerast.</p> <p>(5) Ved gruppeeksamen kan ein student som meiner at gruppa sitt eksamenssvar ikkje reflekterer eige kunnskapsnivå, søkje om å få ein individuell tilleggseksamen. Slik søknad må vere fremja innan to timar etter innleveringsfristen eller eksamen er gjennomført. Resultatet av tilleggseksamenen gjeld berre denne studenten og tel som eit eksamensforsøk.</p> <p>(6) Ein student som får karakteren F eller ikkje stått på ei mastergradsoppgåve, bachelorgradsoppgåve, semesteroppgåve eller liknande, kan bruke den same problemstillinga ved eit nytt eksamensforsøk. Dersom studenten får karakteren F eller ikkje stått også på andre forsøk, må det leverast heilt nytt eksamenssvar med ny problemstilling ved tredje forsøk.</p>	<p>(4) Eksamensresultat vert normalt kunngjorde på Studentweb så snart godkjend sensurvedtak ligg føre.</p> <p>§ 9-2 Om vurderingsuttrykk</p> <p>(1) Vurderingsuttrykket for ein eksamen er anten stått/ikkje stått eller ein gradert karakterskala med fem trinn frå A til E for stått og F for ikkje stått, jf. UH-lova § 3-9, 6. ledd.</p> <p>(2) Når karakteren i eit emne vert fastsett på grunnlag av fleire eksamenar (delar), skal alle eksamenar (delar) vere stått for at emnet er stått.</p>	
--	---	--	--

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

<p>§ 5-10</p>	<p>Fusk og forsøk på fusk</p> <p>(1) Lovlege hjelpemiddel og rett kjeldebruk er omtala i § 5-8 i denne forskrifta.</p> <p>(2) Dersom det under eksamen med tilsyn oppstår mistanke om fusk eller forsøk på fusk, skal studenten straks gjerast merksam på at det vil bli rapportert til studiedirektøren, og at saka vil bli undersøkt nærare. Det gjeld også ein student som yter hjelp til ein medstudent eller medstudentar. Studenten/-ane kan velje å halde fram eller avbryte eksamen. Studenten/-ane vil bli kalla inn til samtale.</p> <p>(3) Dersom det i samband med eksamen utan tilsyn oppstår mistanke om fusk eller forsøk på fusk, skal studiedirektøren varslast og saka undersøkt straks. Dette gjeld også for arbeidskrav og andre vilkår som er sette for å gå opp til eksamen. Studenten/-ane vil bli kalla inn til samtale.</p> <p>(4) Kopiering, tekstnær parafrasering eller avskrivning utan kjeldetilvising vert rekna som fusk.</p> <p>(5) Dersom det viser seg at to eller fleire svar på ein eksamen klart byggjer på det same originalarbeidet, har same opphavsmann, felles disposisjon eller det tyder på anna utstrekt samarbeid, vert dette rekna som fusk for alle involverte. Dette gjeld også for arbeidskrav og andre vilkår som er sette for å gå opp til eksamen.</p>	<p>§ 9-3 Fusk og forsøk på fusk</p> <p>(1) Lovlege hjelpemiddel og rett kjeldebruk nærmare omtalt i § 8-7 i denne forskrifta, og fastsett eigne retningslinjer for bruk av hjelpemiddel og rett kjeldebruk.</p> <p>(2) Når det under eksamen med tilsyn oppstår mistanke om fusk eller forsøk på fusk, skal studenten straks gjerast merksam på at dette vil bli rapportert til rette vedkommande ved institusjonen, og at saka vil bli undersøkt nærmare. Tilsvarande gjeld også ein student som yter hjelp til ein eller fleire medstudentar. Studenten/-ane kan velje å halde fram eller avbryte eksamen. Studenten/-ane vil bli kalla inn til samtale.</p> <p>(3) Når det i samband med eksamen utan tilsyn oppstår mistanke om fusk eller forsøk på fusk, blir rette vedkommande ved institusjonen varsla og saka undersøkt straks. Tilsvarande gjeld også for arbeidskrav og andre vilkår som er sette for å gå opp til eksamen. Studenten/-ane vil bli kalla inn til samtale.</p> <p>(4) Kopiering, tekstnær parafrasering eller avskrivning utan kjeldetilvising vert rekna som fusk.</p> <p>(5) Det er fastsett eigne retningslinjer om fusk som nærmare beskriv kva som blir rekna som fusk og forsøk på fusk.</p> <p>(6) Fusk, forsøk på fusk eller medverknad til fusk ved eksamen, arbeidskrav eller andre vilkår som er sette for å gå opp til eksamen, kan føre til reaksjonar, jf. uhl. § 4-7 og § 4-8, 3. ledd.</p>	
---------------	---	---	--

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

	<p>(6) Fusk, forsøk på fusk eller medverknad til fusk ved eksamen, arbeidskrav eller andre vilkår som er sette for å gå opp til eksamen, kan føre til reaksjonar, jf. UH-lova § 4-7 og § 4-8, 3. ledd.</p> <p>(7) Studiedirektøren er ansvarleg for sakshandsaminga i saker om fusk.</p> <p>(8) Klagenemnda ved Høgskulen i Volda avgjer saker om fusk.</p>	<p>(7) Nemnd for studentsaker ved Høgskulen i Volda avgjer saker om fusk.</p>	
§ 5-1	<p>Sensur</p> <p>(1) Alle eksamenar skal vurderast av ein kommisjon på minst to sensorar, både ved ekstern sensur (fagperson tilsett utanfor Høgskulen i Volda) og intern sensur (fagperson tilsett ved Høgskulen i Volda).</p> <p>(2) Alle emne på mastergradsnivå skal ha ekstern sensur.</p> <p>(3) Alle emne skal ha ekstern sensur ved første gjennomføring av eksamen, og deretter minst éin gong i løpet av ein periode på tre år.</p> <p>(4) Dekanen er ansvarleg for at det vert oppnemnt sensorar til alle eksamenar og avgjer kva emne som skal ha ekstern sensur. Dekanen har ansvar for at det vert utarbeidd sensorrettleiing for alle eksamenar før sensurperioden startar.</p> <p>(5) Ved sensurering av mastergradsoppgåver kan kandidaten sin rettleiar vere med på å fastsetje</p>	<p>§ 9-4 Sensurering</p> <p>(1) Alle eksamenar blir vurdert av ein kommisjon på minst to sensorar.</p> <p>(2) Ved intern sensur er sensorane fagleg tilsette ved institusjonen. Ved ekstern sensur er minst ein av sensorane ikkje fagleg tilknytt institusjonen.</p> <p>(3) Det er utarbeidd sensorrettleiing til alle eksamenar. Sensorrettleiinga er offentleg etter at den ordinære sensuren er avslutta, jf. uhl § 5-3, 3. ledd.</p> <p>(4) Sensur skal gjennomførast anonymt så langt dette er praktisk mogleg.</p> <p>(5) Sensuren skal føreligge innan tre veker om ikkje særlege grunner gjer det nødvendig å bruke meir tid.</p> <p>(6) Høgskulen i Volda har eigne retningslinjer for sensurarbeid og sensorrettleiing.</p>	

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

	<p>karakteren. Då skal kommisjonen ha tre sensorar, inkludert rettleiaren.</p> <p>(6) Ved munnleg eller praktisk eksamen der studentane ikkje har klagerett på karakterfastsetjinga, skal alltid minst to sensorar vurdere alle eksamenssvar. Om klage, sjå § 5-12 i denne forskrifta.</p> <p>(7) Sensorrettleiing skal vise dei generelle prinsippa for karaktersetjinga. Emneansvarleg har ansvar for å utarbeide sensorrettleiinga.</p> <p>(8) Alle sensorar (ekstern og/eller intern) som har vore med på gjere eit sensurvedtak, skal godkjenne vedtaket for at sensuren skal vere gyldig og resultatet kan offentleggjerast.</p> <p>(9) Sensur skal gjennomførast anonymt så langt dette er praktisk råd.</p> <p>(10) Der karakteren ved klagesensur har eit avvik på to eller fleire karakterar frå ordinær sensur, skal normalt intern sensor frå ordinær sensorkommisjon og ekstern sensor frå klagekommisjon gjere ei vurdering i fellesskap, og kome fram til ein endeleg karakter.</p> <p>(11) Høgskulen i Volda har eigne retningslinjer for sensurarbeid og sensorrettleiing.</p>		
--	---	--	--

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

<p>§ 5-12</p>	<p>Klage og grunngjeving</p> <p>(1) Om klage over formelle feil ved eksamen, sjå UH-lova § 5-2.</p> <p>(2) Om grunngjeving for og klage over fastsetjing av karakterar, sjå UH-lova § 5-3.</p> <p>(3) Grunngjevinga skal normalt vere gitt innan to veker etter at kandidaten har bedt om dette. I grunngjevinga skal det gjerast greie for dei generelle prinsipp som er lagd til grunn for vurderinga og for vurderinga av kandidatens prestasjon.</p> <p>Dekan avgjer om sensor skal gi grunngjevinga munnleg eller skriftleg.</p> <p>(4) Høgskulen i Volda har eigne retningslinjer for arbeid med klage og grunngjevingar.</p>	<p>§ 9-5 Rett til grunngjeving</p> <p>(1) Studenten har rett til grunngjeving for fastsetting av karakteren.</p> <p>(2) Ved munnleg eksamen eller vurdering av praktiske ferdigheiter må studenten krevje grunngjeving straks karakteren er gjort kjent for studenten.</p> <p>(3) For andre eksamenar må studenten krevje grunngjeving innan ei veke frå karakteren er kunngjort.</p> <p>(4) Studenten har normalt rett på grunngjeving innan to veker etter at studenten har bedt om grunngjeving, seinast to veker etter at frist for å be om grunngjeving gjekk ut.</p> <p>(5) I grunngjevinga skal det gjerast greie for dei generelle prinsippa som er lagt til grunn ved sensureringa, og for vurderinga av studenten sin prestasjon.</p> <p>(6) Grunngjevinga skal normalt gis skriftleg, men sensor kan gi ei munnleg grunngjeving om sensor etter forholda finn dette meir hensiktsmessig for studenten.</p> <p>(7) Høgskulen i Volda har eigne retningslinjer for arbeid med mellom anna grunngjevingar.</p> <p>§ 9-6 Klage på sensur</p> <p>(1) Studenten har rett til å klage på fastsetting av karakteren i tråd med reglane i uhl § 5-3.</p>	
---------------	--	--	--

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

		<p>(2) Det er individuell klagerett ved gruppeeksamen.</p> <p>(3) Ved vurdering av munnleg prestasjon og vurdering av praksisstudiar eller liknande som etter sin art ikkje lar seg etterprøve, har studenten ikkje klagerett.</p> <p>(4) Fristen for å klage på karakteren er tre veker frå eksamensresultatet er kunngjort.</p> <p>(5) Dersom studenten har bedt om grunngjeving, reknast klagefristen frå det tidspunkt studenten har fått grunngjevinga.</p> <p>(6) Dersom studenten har klage på formelle feil ved same eksamen, jf. § 10-?, reknast fristen for klage på sensur frå det ligg føre endeleg avgjer i klagesaka om formelle feil.</p> <p>§ 9-7 Ny sensur</p> <p>(1) Ved ny sensurering skal sensorane ikkje ha tilgang til første karakter, sensors grunngjeving for denne eller studentens grunngjeving for klaga.</p> <p>(2) I det tilfelle karakteren ved ny sensur avviker med to eller fleire karakterar frå første sensur, skal det gjennomførast ytterlegare ei vurdering før endeleg karakter kan fastsettast.</p>	
--	--	--	--

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

		Kapittel 10 Behandling av klager og andre særlege saker	
		§ 10-1 Nemnd for studentsaker	
		<p>(1) Høgskulen i Volda har oppretta ei eiga nemnd for studentsaker i samsvar med uhl. § 5-1.</p> <p>(2) Nemnda har fem medlemmer med personlege varamedlemmer:</p> <ul style="list-style-type: none">a) Leiar for nemnda og vara for leiar skal være jurist og ha fylt 25 år. (dei lovbestemte krava for lagdommar). Disse kan ikkje være tilsett ved skolen.b) To av medlemmene er tilsette ved institusjonen.c) To av medlemmene og deira varamedlemmer skal oppnemnast av og blant studentane. <p>(3) Nemnda er vedtaksfør når leiar eller vara for leiar og to andre medlemmer er til stede.</p>	
		§ 10-2 Nemnda avgjer klage på enkeltvedtak	
		<p>(1) Nemnda skal behandle klager over enkeltvedtak.</p> <p>(2) Som enkeltvedtak reknast mellom anna vedtak om:</p> <ul style="list-style-type: none">a) Opptak, godskriving av anna utdanning og fritak frå eksamenb) Studierettc) Godkjenning/vurdering av tilrettelegging, fristutsettingar og permisjonard) Obligatorisk frammøte og deltakinge) Formelle feil knytt til gjennomføring av mellom anna eksamen, arbeidskrav og liknandef) Eksamensrettg) Avslag på vitnemål eller karakterutskrift	

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

		<p>(3) Nemnda sine vedtak i klagesaker om institusjonens enkeltvedtak, kan det ikkje klagast på.</p> <p>(4) Nemnda skal i tillegg behandle andre klagesaker for studentane.</p> <p>§ 10-3 Nemnda si klagebehandling</p> <p>(1) Nemnda skal behandle klagesakene i tråd med forvaltningslova kapitel VI.</p> <p>(2) Fristen for å fremje klage til nemnda er 3 veker frå det tidspunktet studenten har fått eller burde ha skaffa seg kjennskap om vedtaket eller forholdet studenten ønsker å klage på. Ber studenten om nærare grunngjeving for vedtaket, reknast ny frist frå det tidspunkt grunngjevinga er kome fram til studenten, eller studenten på anna måte er gjort kjent med den.</p> <p>(3) Klagen skal være skriftleg og underskrevet, og være adressert til rette vedkommande ved institusjonen. Klagen må beskrive vedtaket som klaga gjeld, og nærare beskrive kva endring som studenten ønsker i det vedtaket det klages over. Klagen bør også innehalde ei grunngjeving for kvifor klager ønsker dei endringane som er skildra.</p> <p>(4) Institusjonen har ei sjølvstendig plikt til å utgreie saka og gi klagaren nødvendig rettleiing for at han skal kunne ivareta sine interesser. Nemnda skal sjå til at saken er så godt opplyst som mogleg før vedtak treffast.</p> <p>(5) Klager har rett til innsyn i faktiske opplysingar mv. i si sak, og har rett til å gjere seg kjent med dokumenta i saka, med unntak av interne dokument eller andre</p>	
--	--	---	--

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

		<p>særlege dokumenter som nemnt i forvaltningslova § 18 og § 19.</p> <p>(6) Nemnda skal behandle og avgjere saka utan ugrunna opphald. Dersom det er venta at det vil ta uforholdsmessig lang tid å behandle klaga, skal klager få informasjon om dette og samtidig få informasjon om når klaga er venta å bli behandla.</p> <p>§ 10-4 Andre saker som nemnda skal behandle</p> <p>(1) Nemnda skal også behandle saker etter uhl. om inndraging og karantenetid (§ 3-7 (8)), annullering av eksamen (§ 4-7), bortvising og utvising (§§ 4-8, 4-9, 4-10 og § 7-9). Saker etter disse paragrafane kan ikkje behandlast av andre organ ved institusjonen.</p> <p>(2) Nemnda behandlar også saker om formelle feil på eksamen o.l., jf. uhl. § 5-2.</p> <p>(3) Nemnda sine vedtak etter uhl. § 3-7 (8), §§ 4-7 til 4-10 og § 7-9 kan klagast vidare til nasjonalt klageorgan.</p>	
Kapittel 6. Dokumentasjon for fullført utdanning			
		Kapittel 11 Vitnemål og karakterutskrift	
§ 6-1	Rett til vitnemål og karakterutskrift <p>(1) Ein student som fullfører ein grad eller ei yrkesutdanning, får utskrive vitnemål, jf. UH-lova § 3-11. Det vert samtidig skriva ut Diploma Supplement.</p>	§ 11-1 Vitnemål <p>(1) Høgskulen i Volda skriv ut vitnemål og Diploma supplement etter avslutta grad, yrkesutdanning, praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) eller annett studieprogram på minimum 120 studiepoeng.</p>	

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

	<p>(2) Ein student som fullfører eit studieprogram som ikkje gjev vitnemål, kan be om karakterutskrift.</p> <p>(3) Ein student som fyller krava til ein fri bachelorgrad på grunnlag av tre år med fullførte studium, jf. § 2-5, 3. ledd i denne forskrifta, må søkje om å få vitnemål.</p> <p>(4) Ein student som fullfører eit emne eller delar av eit studieprogram, kan be om karakterutskrift.</p> <p>(5) For ein student som ikkje viser fram førespurd originaldokumentasjon ved opptak, jf. § 3-7, 7. ledd i denne forskrifta, kan Høgskulen i Volda halde tilbake vitnemål/karakterutskrift.</p> <p>(6) Ved klage på ein karakter som skal på vitnemålet/karakterutskrifta, kan Høgskulen i Volda halde tilbake vitnemålet/karakterutskrifta til klaga er handsama.</p> <p>Dersom ein student har fått utskrive vitnemål/karakterutskrift som etter klagehandsaminga ikkje lenger er gyldig, skal studenten snarast råd levere inn att vitnemålet/karakterutskrifta.</p> <p>(7) Ein student får utskrive berre eitt vitnemål for fullført grad. Høgskulen i Volda skriv ikkje ut duplikatvitnemål.</p>	<p>(2) Når ein student fullfører studiet og blir kvalifisert for ei grad, utferdast normalt digitalt vitnemål. Oppnådd grad med resultat er tilgjengeleg via Vitnemålsportalen.</p> <p>(3) Har studenten klaga på karakterfastsettinga, jf. § 9-6, eller på formelle feil ved eksamen, jf. § 10-4 (2), må studenten vente på resultatet av klagebehandlninga før vitnemål blir skrivi ut. Har studenten allereie fått skrivi ut vitnemål som omfattar den aktuelle eksamen, vil vitnemålet bli satt som ugyldig til klagesaka er ferdig behandla.</p> <p>(4) For utdanningar der skikkavurdering inngår, kan vitnemål holdast tilbake til studenten er vurdert å være skikka for yrket.</p> <p>(5) I følgjande tilfelle kan vitnemål utferdast på papir:</p> <ul style="list-style-type: none">a) dersom studenten manglar norsk fødselsnummer eller D-nummerb) dersom studenten har fått digitalt vitnemål, men har behov for å vise fram et vitnemål på papir til utdanningsinstitusjonar eller arbeidsgivar i utlandet <p>(6) I særskilte tilfelle kan studenten få skrivi ut duplikat etter søknad. Søknaden må være dokumentert. Det blir normalt kravd ei avgift for å skrivi ut duplikat.</p> <p>(7) For grader som gis i samarbeid med andre norske eller utanlandske institusjonar (fellesgradar) må minst 30 studiepoeng være avlagt ved Høgskulen i Volda. Det skal gå fram av vitnemålet at utdanninga er gitt i samarbeid med andre institusjonar.</p>	
--	---	--	--

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

	<p>(8) Ved forbetring av resultat i emne etter at vitnemålet er utskrive, kan ein be om karakterutskrift.</p> <p>(9) Klagenemnda handsamar klager på avslag om vitnemål.</p>	<p>(8) For studentar som har fått godkjent eksamenar i tråd med reglane i denne forskrifta og uhl. § 3-5, § 3-5e eller § 3-5f, må krava om tilknytning og nye studiepoeng, jf. kapittel 2 i denne forskrifta, være oppfylt for at ein student skal få skrive ut vitnemål.</p> <p>(9) Dersom ein student har fått vitnemål/karakterutskrift som etter klagehandsaming ikkje lenger er gyldig, skal studenten snarast råd levere inn att vitnemålet/karakterutskrifta.</p> <p>(10) Ved forbetring av resultat i emne etter at vitnemålet er utskrive, kan ein be om karakterutskrift.</p> <p>§ 11-2 Karakterutskrift</p> <p>(1) Studenten kan fortløpande og ved fullførte studiar hente ut karakterutskrift på Studentweb eller Vitnemålsportalen.</p> <p>(2) Karakterutskrifta skal vise karakter for alle emne der kandidaten har bestått eksamen. Resultat frå deleksamenar går normalt ikkje fram op karakterutskrifta.</p>	
§ 6-2	<p>Krav til informasjon på vitnemål og karakterutskrift for fullført studieprogram</p> <p>(1) Vitnemålet skal gje opplysningar om</p> <ul style="list-style-type: none">- fullt namn og fødselsnummer- utdanninga som er fullført- tidspunkt for fullført utdanning- grad eller tittel som eventuelt er oppnådd- studiepoeng- tidspunkt for avlagd(e) eksamen(ar)		Tatt ut, da dette er intern informasjon/retningslinje.

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

	<ul style="list-style-type: none">- samla karakter for kvart emne som inngår i graden- emne som studenten eventuelt har fått godskrive, og kva utdanning som er grunnlag for godskrivinga- karaktersystemet som er nytta. <p>Tittel på større skriftlege oppgåver kan vere med. Deleksamenar som inngår i ei vurdering i eit emne, skal ikkje stå på vitnemålet.</p> <p>(2) Karakterutskrift skal gje opplysningar om</p> <ul style="list-style-type: none">- fullt namn og fødselsnummer- namn på studieprogrammet som er fullført- tidspunkt for avlagd(e) eksamen(ar)- studiepoeng- samla karakter for kvart emne som inngår i studieprogrammet- emne som studenten eventuelt har fått godskrive, og kva utdanning som er grunnlag for godskrivinga- karaktersystemet som er nytta. <p>Deleksamenar som inngår i ei vurdering i eit emne, skal ikkje stå på karakterutskrifta.</p> <p>(3) Rektor og studiedirektør skal skrive under vitnemålet. Signeringsfullmakta kan delegerast.</p>		
Kapittel 7. Klagenemnd			
			Flytta til nytt kapittel (10) og endra/utvida.
§ 7-1	Klagenemnd		

Utkast til endringar i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

	<p>(1) Høgskulen i Volda har klagenemnd, jf. UH-lova § 5-1.</p> <p>(2) Styret delegerer til klagenemnda å handsame saker etter UH-lova § 3-7, § 4-7, § 4-8, § 4-9, § 4-10, § 4-13 og § 5-2.</p>		
§ 7-2	<p>Saksfelt for klagenemnda</p> <p>(1) Klagenemnda handsamar saker om</p> <ul style="list-style-type: none">- klage på enkeltvedtak (forvaltningslova kap. VI)- studentopptak (jf. UH-lova § 3-7)- annullering av eksamen eller prøve (jf. UH-lova § 4-7)- utestenging og bortvising (jf. UH-lova § 4-8)- utestenging grunna straffbare forhold – politiattest (jf. UH-lova § 4-9)- utestenging etter skikkavurdering (jf. UH-lova § 4-10)- graden philosophiae doctor (jf. UH-lova § 4-13)- klage over formelle feil ved eksamen (jf. UH-lova § 5-2).		
Kapittel 8. Iverksetjing og oppheving av tidlegare forskrift			
		Kapittel 12 Diverse	
§ 8-1	<p>Iverksetjing og overgangsordning</p> <p>(1) Forskrifta gjeld frå 1. januar 2015.</p> <p>(2) Forskrifta kan fråvikast i enkelte tilfelle vårsemesteret 2015 dersom endringar frå oppheva til ny forskrift er til ugunst for ein student.</p>	<p>§ 12-1 Utfyllande reglar</p> <p>(1) Innanfor rammene av denne forskrifta kan direktør fastlegge utfyllande reglar.</p> <p>§ 12-2 Iverksetjing og oppheving</p> <p>(1) Denne forskrift trer i kraft 01.01.2023.</p>	Jf. delegeringsreglementet

Utkast til endringer i/ny Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda

Versjon 2022 08 30

		(2) Frå same tidspunkt er forskrift av 4. desember 2014 nr. 1697 om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda oppheva.	
§ 8-2	<p>Oppheving av forskrifter</p> <p>Frå iverksetjingstidspunktet 1. januar 2015 er desse forskriftene oppheva:</p> <p>(1) Forskrift 30. januar 2014 nr. 103 om opptak til Høgskulen i Volda</p> <p>(2) Forskrift 5. mars 2009 nr. 289 om studium og eksamen ved Høgskulen i Volda.</p>		